

NotatDato: 13.02.2018
Arkivsak: 2014/15940-10
Saksbehandlar: bersoft

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål i fylkesutvalet 01.02.18 - reglement gruppemøter

Fylkesrådmannen har møteprinsippet som utgangspunkt for tilnærminga si, slik det kjem fram i kommunelova § 30 nr. 1:

«1. Folkevalgte organer behandler sine saker og treffer sine vedtak i møter.»

Fylkesrådmannen legg vidare til grunn at møte i folkevalde organ vert haldne for opne dører, noko som inneber at kvar og ein har rett til å vere til stades under møta, med mindre det er gjort vedtak om å lukke eit møte etter reglane i §§ 31 og 31 a.

Fylkesrådmannen legg og til grunn at regelen om møteoffentlegheit er ein saksbehandlingsregel som inneber at regelen vert brukt dersom det folkevalde organet utfører saksbehandling. Det er då ikkje avgjerande om det vert gjort vedtak, men gjeld alle deler av saksgangen.

Gruppemøte som finn stad før eller etter slike møte er ikkje å sjåast som eit «folkevald organ». Det er difor sjølvstøtt høve å ha med partikolleagaer og andre på slike gruppemøte.

Kva som gjeld når det vert spørsmål om gruppemøte under det folkevalde organet sitt møte, er annleis. Kommunelova regulerer ikkje sjølv spørsmålet direkte. Det er heller ikkje rettspraksis på området. Juridisk teori tek heller ikkje konkret stilling til spørsmålet. Vurderinga nyt difor vera knytt opp til dei legislative omsyn lova byggjer på.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag hadde lovlegkontroll – møtepraksis i Skaun kommune – lukking av møte i sak nr. 2017/1466-323. I saka kjem det fram at alle som ikkje var medlem i utvalet vart beden om å forlate møtelokalet. Det vart såleis eit felles lukka gruppemøte. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag konkluderte med at lukking av møtet var ein omgåing av regelverket som ikkje var i tråd med regelen sitt formål. Gruppemøtet vart såleis vurdert til å vere eit møte i eit folkevald organ.

Men kva dersom det er ei blokk i eit folkevald organ som ønskjer gruppemøte? I praksis blir det då ei pause i møtet og det blir då eit gruppemøte i blokka. Kan kven som helst delta i gruppemøtet? Korleis blir dette i høve til dei rettslege rammene gjengitt ovanfor? Fylkesutvalet kan til dømes sjå for seg at ein representant vart kjend ugild til å vere med å behandle ei konkret sak. Kan vedkomande delta i påfølgjande gruppemøte for å ta stilling til saka? Eller korleis skal ein sikre openheit dersom andre enn dei folkevalde deltek i eit

gruppemøte når blokkene skal ta stilling til kva som har kome fram under behandlinga av ei sak i eit folkevald organ?

Det er med dette som utgangspunkt at fylkesrådmannen legg til grunn at gruppemøte som vert initiert i eit folkevald organ alene kan bestå av blokker av representantane i det folkevalde organet. Sjølv om gruppemøte i seg sjølv ikkje er å sjåast som eit folkevald organ, er det eit møte som ein del av ei politisk prosess i eit møte i eit folkevald organ. Deltakarane i gruppemøtet må difor vere medlem i det aktuelle folkevalde organet. Elles vil ikkje omsynet til møteprinsippet vere oppfylt.

Då det kan vere ulike syn på korleis dette er rettast å forstå vil fylkesrådmannen tilrå at fylkesutvalet sjølv tar initiativ til å få dette nærare regulert i delegasjonsreglementet.

Det er fylkesrådmannen si klare oppfatning at det ikkje er eit lovverk/regelverk for «posisjon» og eit anna for «opposisjon». Fylkesrådmannen har tidlegare påpeikt dette overfor «posisjonen».